



# Selje kommune

## Møtebok

---

<b>Utval:</b>	Kommunestyret
<b>Møtestad:</b>	Kommunehuset - 2. etg.
<b>Dato:</b>	15.09.2016
<b>Tid:</b>	Kl. 14:00 - 18:50

---

### Følgjande medlem møtte

	Parti
Åge Lundebrekke	Ap
Anfinn Sjøstad	Frp
Anne Lise Drage	Frp
Marita Aarvik	Frp
Svein Hansen	Frp
Kenneth Brandal	H
Raymond Myren	KrF
Stein Robert Osdal	KrF
Gunn Sande	Sp
Kjetil Friberg	Sp
Andreas Rundereim	Tp
Gunnar Silden	Tp
Jan Vidar Smenes	Tp
Judith Kvåle	Tp
Terje Ødegård	Tp
Veronica Hatlenes	Uavh

### Forfall meldt frå følgjande medl.

	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Geir Årvik	H	Kjetil Vetthus	H

### Andre som møtte

Geir Kvisten  
Ørnulf Lillestøl, førte møteboka

### Orientering:

Møteinnkalling og sakliste godkjendt.  
Sakene vart handsama i følgjande rekkefølge:  
Sak 62, 51, 52, 54, 55, 56, 57, 53, 58, 59, 60, 61.

Møtet vart lukka ved handsaming av følgjande sak:  
Tilleggsak 62/16 - Ikkje offentleg § 13, jfr. fvl. 13.

Orientering om Politireforma v/regionslensmann Tormod Hvattum og lensmann Kjetil Drange før handsaming av sak 53/16.

Møteleiar: Stein Robert Osdal

**Underskrifter:**


## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	
051/16	Godkjenning av møteprotokoll	
052/16	Referatsaker	
053/16	Høringsuttale - Nærpolitireforma	
054/16	Høringsuttale - strategisk plan for kysten 2017 - 2025	
055/16	Val - Endring av grensene til Flatraket røystekrins	
056/16	Overordna planstrategi 2016 - 2020	
057/16	Lønspolitisk handlingsplan 2015-2017 - Selje kommune - Revisjon	
058/16	Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2020 - Selje kommune - Rullering	
059/16	Opnings- og skjenketider for serveringsstadar / Salstider butikkar - Forskrift	
060/16	Skjenkekontroll - Frimannsbuda	
061/16	Skjenkekontroll - Åhjemsbuda	
062/16	Kompensasjon for avslutting av driftsavtale	Ikkje offentleg



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
051/16	Kommunestyret	15.09.2016

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Tilråding frå administrasjonen:

Møteprotokollen frå møte 23.06.16 vert godkjent slik den ligg føre.

#### **Kommunestyret 15.09.2016:**

##### **Handsaming:**

17 voterande

Samrøystes

##### **KS- 051/16 Vedtak:**

Møteprotokollen frå møte 23.06.16 vert godkjent slik den ligg føre.



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
052/16	Kommunestyret	15.09.2016

## Referatsaker

### Tilråding frå administrasjonen:

Referatsaker vert teke til etterretning slik dei ligg føre.

- 16/2839 Endringer i inndelingslova og kommuneloven - brev til kommuner og fylkeskommuner om ikrafttredelse
- 16/3043 Skjenkeløyve for alkohol 2016 - 2020 Frimannsbuda v/Selje Hotel
- Skjenkeløyve for alkohol 2016 - 2020 Doktorgarden

### **Kommunestyret 15.09.2016:**

#### **Handsaming:**

17 voterande

Tilleggsreferat:

04: Ordførar orienterte og la fram notat med tema Omdømmebygging.

05: Rådmann orenterte vedk. intern organisering.

Samrøystes.

#### **KS- 052/16 Vedtak:**

Referatsak 1-5 vert teke til vitande.





Saksnr.	Utval	Møtedato
053/16	Kommunestyret	15.09.2016

## Høringsuttale - Nærpolitireforma

### Bakgrunn for saka:

Hausten 2016 skal struktur for politiet i nye Politidistrikt Vest avgjerast. Nærpolitireforma legg opp til ein intensiv prosess, der framlegg til organisering skal vere klar innan 15. desember ut frå føringar sett av Storting og Regjering.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

### HØRINGSINNSPEL – NÆRPOLITIREFORMA

Selje kommune stiller seg bak uttale frå ordførarane i Nordfjord, oppsummert med kulepunkta under og særleg:

*Det viktigaste målet med reformen er auka politikraft der innbyggjarane er. Nasjonalt er det sett mål om 2 politifolk pr 1.000 innbyggjarar. Nordfjord ligg i dag langt under dette, med samla ca 1 polititeneestemann pr 1.000 innbyggjarar. Vi set difor som ein føresetnad for vårt innspel at den samla politikrafta i Nordfjord blir styrka i åra framover for å nærme oss nasjonale mål for politidekning. Politidistrikt Vest må i prosessen framover konkretisere korleis dette skal skje.*

- *Regionen vil kunne ha aktiv teneste heile døgnet, heile året.*
- *Betre beredskap for alle kommunane - med særleg omsyn til Selje og Hornindal som i dag har svært dårleg beredskap i praksis*
- *Betre responstid i heile Nordfjord*
- *Større etterforskningskapasitet.*
- *Meir ressursar til førebygging.*
- *Forvaltningsoppgåver på alle tenestestadane.*
- *At Politidistrikt Vest vurderer kva for funksjonar/oppgåver i politidistriktet som kan lokaliserast til Nordfjord*

For Selje er det viktig at ein får ei forbetring av oppgåvene til politiet og særskilt vil Selje ha

fokus på:

1. Beredskap og responstid
2. Førebygging - samarbeid med barnevern, NAV og psykisk helsevern.
3. Midlar til opplæring av eige mannskap til politirelaterte oppgåver

### 1. Beredskap og responstid

Nærpolitireforma vil for Selje sin del bety at lensmannskontoret vert lagt ned. Selje kommune er opptatt av kva som kjem som erstatning. Kommunen sitt behov er likt andre kommunar og derfor må politiet prioritere nærvær. Når ulukker og andre alvorlege hendingar skjer så må ein vere trygg på at politiet kjem raskt til åstaden. Ein må ha fokus på at responstid er langt betre enn det som er meldt som norm:

- A. *I byer/tettsteder med over 20 000 innbyggere: 10 minutter i halvparten og 15 minutter i 80 prosent av alle tilfeller.*
- B. *I tettsteder med mellom 2000 og 19.999 innbyggere: 15 minutter i halvparten og 30 minutter i 80 % av alle tilfeller.*
- C. *I øvrige områder: 22 minutter i halvparten og 45 min i 80 % av alle tilfeller.*

Kjelde: [www.politiet.no](http://www.politiet.no)

### 2. Førebygging - samarbeid med barnevern, NAV og psykisk helsevern

Førebygging handlar om å vere på forskot slik at utfordringar ikkje eskalerer og kjem utanfor kontroll. Lag og organisasjonar, kommuneorganisasjonen og andre bør tas med på råd slik at ein har ein føreseieleg plan for kva som skal prioriterast av førebygging. Skal nærpolitireforma lykkast må politikontakta fylles med reell innhald.

Kontakta må:

- a. ha fast tilhald i kommuneorganisasjonen med kontordagar fastsatt i dialog med kommunen.
- b. Ha rang og mynde slik at ein kan binde prioriteringar og ressursar når situasjonen krev det.
- c. Vere ein person slik at tillit vert opparbeida mellom politiet og samarbeidspartnarane innanfor barnevern, NAV og psykisk helsevern.

### 3. Midlar til opplæring av eige mannskap til politirelaterte oppgåver

Dette er det mest omstridde punktet som Selje kommunestyre vil sette søkelys på. I Selje har ein opplevd at politiet har lang responstid når kritiske episoder skjer. Særskilt under ekstremværet Tor opplevde Selje kommune som satte kriseleining, at politiet ikkje var tilstades, kommunen var innestengt i fleire timar. Kven har ansvaret når f.eks folk må evakueres eller personar må settes i forvaring. Selje kommunestyre meiner at kommunen må kompenseres for at politiet forsvinner, sjølv om det vert kompensert med auka beredskap og med politikontakt funksjon. Situasjonen og utfordringa i distrikta har vore kritisk lenge også lenge før politireforma vart satt på dagsorden. Det har vore ein samfunnstrend over lang tid som svekker distrikta til fordel for større



sentra. Brann og redning (B/R) har i dag større oppgåver enn bare brann. Ved bilulukker må B/R sikre ulukkesstaden, vere skadestedsleiar, dirigere trafikk og sikre bevis til politiet kjem til staden. Ved brann har ein opplevd at ein må sikre bevis fordi politiet ikkje har ressurs og kapasitet til å vere der når det skjer. B/R brukes i dag til å hjelpe ambulansetenester ved akutte hendingar i nærmiljøet. Ansvar som heilt klart er tillagt akuttmedisintena. Selje kommunestyre meiner nærpolitireforma vil forsterke situasjonen der vi er avhengig av at kommunen gradvis overtek oppgåver som ligger til politiet. Reforma kan lykkast visst ein prioriterer slik ein har beskrevet over. Reforma vert mislykka viss dette vert ein salderingspost for å sikre tenester og organisasjon i dei større sentra.

**Vedlegg i saka:**

06.09.2016	Nærpolitireforma - Styresamansetting - orientering til kommunane	1325497
06.09.2016	Nærpolitireforma - Mandat for arbeidsgruppe	1325498

**Andre dokument i saka:**

19.08.2016	Nærpolitireforma - Involvering av kommunane i Vest politidistrikt
20.06.2016	Nærpolitireforma - Involvering av kommunane

**Kommunestyret 15.09.2016:**

**Handsaming:**

, foreslått av ,

17 voterande

**Votering:**

Kommunestyret godkjenner samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, men med ei kort tilføyning i uttalen:

Pkt. 1 Beredskap og responstid - fyrste linje skal lyde slik: Nærpolitireforma vil for Selje sin del bety at lensmannskontoret står i fare for å verte lagt ned.

Samrøystes

**KS- 053/16 Vedtak:**

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak, men med ei kort tilføyning i uttalen:

Pkt. 1 Beredskap og responstid - fyrste linje skal lyde slik: Nærpolitireforma vil for Selje sin del bety at lensmannskontoret står i fare for å verte lagt ned.

**Saksopplysningar:**

Selje kommune kan vanskeleg sjå korleis «Nærpolitireforma» faktisk skal oppfattast lokalt. Den seinare tid, dei seinare åra, ser vi at responstid og nærleik vert svekka. Slik vi oppfattar denne reforma vil det setje fart på denne reduksjonen i nærleik. Det lokale kontoret vert flytta/lagt ned og responstidene vert omarbeida. Det er sjølvstakt bra at politiet styrkar kompetanse og vert organisert effektivt, men for Selje sin del hjelper det lite når politiet ikkje er tilstade for å førebyggje og for å handtere akutte situasjonar.

Frist for høyring er 01.10.16



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
054/16	Kommunestyret	15.09.2016

### Høyringsuttale - strategisk plan for kysten 2017 - 2025

#### Bakgrunn for saka:

Sogn og fjordane fylkeskommune legg no planprogram for strategisk plan for kysten ut på høyring. Det er her høyringsfrist sett til 15.09.16.

Saka vart elles drøfta i formannskapet i Selje 1. september der det vart sett ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide konkret uttale og fylgje denne saka vidare.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Selje kommunestyre ber om at innspel til planprogram for strategisk plan for kysten vert innarbeida slik dette framkjem i eige vedlegg – høyringsuttale.

#### Andre dokument i saka:

08.07.2016 Høyringsuttale - Strategisk plan for kysten 2017-2025 - Planprogram

#### Kommunestyret 15.09.2016:

#### Handsaming:

17 voterande

#### Votering:

Kommunestyret godkjende samrøystes høyringsuttalen som vart lagt fram av plangruppa. Samrøystes

#### KS- 054/16 Vedtak:

#### Selje kommune sin Høyringsuttale til strategisk plan for kysten 2017-2025 for Sogn og Fjordane

Plangruppa som har bestått av: Kenneth Brandal, Geir Solvåg og Gunnar Silden, har fokusert på punkta: 4.1.3, 4.2.1, 4.2.2, 4.2.3, 4.2.4, 4.2.5. Saman med ei generell vurdering av planprogrammet

vert dette Selje kommune sitt høringssvar for planprogrammet til strategisk plan for kysten.

#### **Ein generell vurdering:**

1. Planprogrammet for strategisk plan for kysten er ein god start på eit viktig arbeid for kystkommunane i Sogn og Fjordane.
2. Planprogrammet og det vidare arbeidet bør forankrast i næringslivet i regionen som kjenner kor utfordringane og potensialet ligger.
3. Planprogrammet manglar heilskapen og samanhengane mellom ulike tiltak og kva mål har vi for dette arbeidet.
4. Selje kommune velger Gunnar Silden som vår representant i det vidare arbeidet og ordføraren vert knytt opp til arbeidet der det er naturleg.

Punkt: 4.1.3

Analyser utfordringane med bruk og vern av strandsona ut frå vedtekne regionale og overordna kommunale planer og kunne kome med anbefalingar for felles løysingar.

**Svar: 100- meters belte bør kraftig opp mjukas. Grensa som er i dag er sterkt til hinder for utvikling av busetting og næringsutvikling, eksempelvis turistnæring. Denne type regelverk må i langt større grad tilpassast realitetane og fange opp dei ulike busetnads mønstera vi har rundt om i Noreg. Noe som dagens praktisering ikkje gjør.**

Punkt: 4.2.1

Havrommet-produksjon av mat og andre produkt.

**Svar: For å møte den utfordringa som nye konsesjonar (eks utviklingskonsesjoner) vil krevje av kystsonaplana i den enkelte kommune, må ein tenke nytt når det gjelder inndeling av akvakultur område.**

**I framtida bør en inndele områdene for akvakultur i forskjellige soner. Nokon egner seg til lukka anlegg, nokon for tradisjonelle anlegg og nokon for anlegg som kan tåle meir eksponering av klima som vind og bølger, såkalla offshore anlegg.**

**Det er også viktig og klargjere soner for oppdrett av tang og tare, soner for låssetting bør oppretthaldas som dei er i dag. Utvikle industriområder som har tilknytning til sjø og tilkomstveier til slike områder.**

**Viktig at kystkommunane ligg i forkant i dette arbeidet då næringa er i rask utvikling. Det ligg svært store verdiar i denne næringa og utviklinga peikar vidare i same vekstretning.**

Punkt: 4.2.2

Energi.

Gjer greie for status, prosjekt som er i gang, planer (onshore, offshore), bølge og vind.

**Svar: Vi har i Selje kommune hatt i gang prosjekt for å utnytte bølgeenergi, (Havkraft) og det er viktig at vi kartlegger slike områder langs kysten for framtida. Vindmølleparken på Okla er komst langt. Vi har store områder med gunstige forhold for utbygging både for vind og bølgekraft.**

Punkt: 4.2.3

Kompetanse, Fou og videregående/høgare utdanning.

**Svar: Kysten har mange kompetansenæringa innan fiske, havbruk, sjøfrakt, servicenæringa for sjø, verftsindustri, vidareforedling av sjømat, skipsdesign, e.tc.**

**Ervik havfiske er ein stor næringslivsaktør som har mange kompetanseutviklande prosjekt innan for skattefunn og FOU.**

**Et av prosjekta er å om gjere fiskeavfall til mat for kjæledyr, ikkje stor profitt å hente, men for å vise at dei tar ansvar for miljøet og utnytter alt av råstoffet.**

**Både fiskerinæringa og havbruksnæringa har inngått samarbeid med Opplysningskontoret for fiske og havbruk, (OKFH) og får plassert lærlingar i bedriftene.**

Punkt: 4.2.4 Reiseliv.

Gjer greie for utviklinga i reiselivsbedriftene.

**Svar: her må det i større grad leggest til rette og utvikle infrastrukturen for besøkande med båt og bil, utvikle gjestehamner og bu bilplassar.**

**Prøve å unngå konflikter mellom nye næringer og den gamle kyst-bonde kulturen.**

Punkt: 4.2.5

Maritime næringer og teknologi.

Utvikling av arbeidsplassar, verdiskapning, miljøutfordringa mm i dei maritime næringane.

**Svar: Utviklinga av arbeidsplassar blir hemma av dårlig utbygd infrastruktur som veier og tilknytning til større flyplass. Selje kommune har ikkje nokon plass fleir felts vei ut eller inn av kommunen, detter er til stor hinder for å utvikle samferdsel mellom nabokommunane våre. Betre utbygd næringsområde med tilknytning til sjø vil gje område tilføring og utvikling av nye viktige arbeidsplasser med tilknytning til dei maritime næringane.**

**Selje kommune har i pr dag ikkje noko næring som har utslipp som gjev oss store miljø utfordringar.**

**Saksopplysningar:**

Selje kommune har lenge vore aktiv i høve planlegging av korrdinerte aktivitetar for utvikling av kysten. Det er her stort potensiale for næringsutvikling både på sjø og land. Som kommune er vi heilt avhengig av utvikling av desse næringane for å sikre vekst i befolkning, arbeidsplassar og berekraftig økonomi. Vi har over tid også gjeve utrykk for at fylkeskommunen si merksemd for å leggje til rette for slik utvikling har vore for svak i høve potensialet. Når no fylkeskommunen tek initiativ til og startar opp ein slik prosess er dette svært positivt.

Det er indikert høg aktivitet i sjølve planprosessen der kommunane aktivt tek del. Det er planlagt at kommunane også må delfinansiere dette arbeidet.

Rådmannen er i utgangspunktet skeptisk til å medverke økonomisk til regionale planar. Dette bør vere eit fylkeskommunalt ansvar. Spesielt er dette knytta til kommunen sin økonomiske situasjon der vi i realiteten må redusere kommunale primæroppgåver for å delta. Økonomisk medverknad må drøftast i dette perspektivet saman med deltakarkommunane og fylkeskommunen. Evt bidrag vert då å innarbeide i budsjett for 2017.

Arbeidsgruppa nedsatt har i oppgåve (bl.a) å utarbeide framlegg til konkret høyring og arbeider denne fram til kommunestyremøte. Vågsøy kommune har gått gjennom planframlegget og ført inn ei rekke meir redaksjonelle endringar. Rådmannen støttar desse innspela.

Fylkesmannen – link til plandokument:

<http://www.sfj.no/kystplan-paa-hoeyring.5887345-339466.html>



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
055/16	Kommunestyret	15.09.2016

### Val - Endring av grensene til Flatraket røystekrins

#### Bakgrunn for saka:

Leiar i røystestyret til Flatraket røystekrins Johan Kroken bed om at grensene til Flatraket røystekrins vert endra slik at Flister, Søre Sandvik og Venøy vert med i Flatraket røystekrins. Grunnen til dette er at desse gardane høyrer til Flatraket skulekrins og at dei som bur der har betre tilhøyr mot Flatraket enn Selje

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Selje kommune gjer fylgjande endring i røystekrinsane:

Gnr 79 Flister, gnr 80 Søre Sandvik og gnr 81 Venøy vert flytta frå Selje røystekrins til Flatraket røystekrins.

Endringa vert gjeldande frå stortingsvalet 2017

#### Kommunestyret 15.09.2016:

#### Handsaming:

17 voterande

#### Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 17 røyster for.

Samrøystes

#### KS- 055/16 Vedtak:

Selje kommune gjer fylgjande endring i røystekrinsane:

Gnr 79 Flister, gnr 80 Søre Sandvik og gnr 81 Venøy vert flytta frå Selje røystekrins til Flatraket røystekrins.

Endringa vert gjeldande frå stortingsvalet 2017.

#### Saksopplysningar og tidlegare handsaming :

##### Sakshandsamar si vurdering

Kommunen skal leggje til rette for så god valdeltaking som råd. Det er difor viktig å lytte til dei innspel som kjem inn i samband med valavviklinga etter kvart val. Det er og viktig at dei innbyggjarane det gjeld får høve til å seie si meining om saka.

##### Konklusjon

Formannskapet legg saka ut på høyring

**Saksgang**

Formannskapet legg saka ut på høyring. Kommunestyret gjer endeleg vedtak

**Tilråding frå administrasjonen**

Selje kommune gjer fylgjande endring i røystekrinsane:

Gnr 79 Flister, gnr 80 Søre Sandvik og gnr 81 Venøy vert flytta frå Selje røystekrins til Flatraket røystekring.

Endringa vert gjeldande frå stortingsvalet 2017

Høyringsfrist vert sett til 01.08.2016

**Handsaming i Råd for eldre og funksjonshemma - 07.06.2016**

5 voterande

**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 5 røyster. Samrøystes.

**EF-007/16 Vedtak**

Selje kommune gjer fylgjande endring i røystekrinsane:

Gnr 79 Flister, gnr 80 Søre Sandvik og gnr 81 Venøy vert flytta frå Selje røystekrins til Flatraket røystekrins.

Endringa vert gjeldande frå stortingsvalet 2017

Høyringsfrist vert sett til 01.08.2016

Samrøystes.

**Handsaming i Formannskapet - 09.06.2016**

6 voterande

**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 6 røyster for. Samrøystes

-----

**Høyring:**

Saka har vore på høyring til 01.08.2016.

Det har ikkje kome inn merknader til saka



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
056/16	Kommunestyret	15.09.2016

### Overordna planstrategi 2016 - 2020

#### Bakgrunn for saka:

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden. ([Plan- og bygningsloven § 10-1](#))

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Overordna planstrategi for 2016 – 2020 vert godkjent

#### Vedlegg i saka:

06.09.2016	Kommunal planstrategi 2016 - 2020	1325443
06.09.2016	Folkehelseprofil Selje 2016	1325447
31.08.2016	Sak FS 038/16 - Overordna planstrategi 2016 - 2020	1325278

#### Andre dokument i saka:

08.09.2016	Uttale frå Stad pensjonistlag - Overordna planstrategi 2016 - 2020
08.09.2016	Uttale frå Kommunalteknikk - Overordna planstrategi 2016 - 2020
08.09.2016	Fråsegn frå Fylkesmannen - Overordna planstrategi 2016 - 2020
08.09.2016	Uttale frå Fylkeskommunen - Overordna planstrategi 2016 - 2020

#### Kommunestyret 15.09.2016:

#### Handsaming:

17 voterande

#### Votering:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 17 røyster for.  
Samrøystes

#### KS- 056/16 Vedtak:

Overordna planstrategi for 2016 – 2020 vert godkjent.



## **Saksopplysningar:**

Formannskapet la saka ut på høyring i møte den 09.06.2016 med høyringsfrist den 14.08.2016.

Innan fristen var det kome inn fylgjande

### **Innspel:**

#### 1. Selje kommune- Komunalteknikk:

- Flytting av Trafikktryggleiksplan til 2017

#### 2. Stad pensjonistlag:

- Skikkeleg dokterdekning i heile kommunen
- Betre kollektivtilbod til eldre som bur i utkantane
- Opprusting og rassikring av fylkes- og kommunale vegar
- Ivaretaking av dei svake i samfunnet

#### 3. Fiskeridirektoratet:

- Klare rammer for arealbruk, utvikling og næringsverksemd.
- Akvakulturnæringa sitt behov for utvikling, bruk av ny teknologi og endring av rammevilkår
- Sikring av gytefelt og –område, aktive og passive fiskeplassar, rekefelt og låssettingsplassar

#### 4. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

- Plan for oppfølging av ROS-analysen
- Drøfting av kommunen sine strategiar knytt til samfunnsutvikling og langsiktig arealbruk
- Konkrete mål kommunen har for folkehelseområdet

#### 5. Sogn og Fjordane fylkeskommune:

1. Fylkesutvalet støttar dei vurderingane av utfordringar som er gjort i den kommunale planstrategien for Selje kommune
2. Fylkesutvalet forventar likevel at strategien i noko større grad drøftar dei ulike utfordringane og set overordna retning og mål for det vidare planarbeidet
3. Regional planstrategi må i sterkare grad leggast til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for Selje
4. Planstrategien bør drøfte Selje som del av ein større bu- og arbeidsmarknadsregion
5. Regional strategisk plan for kysten bør forankrast i det kommunale planarbeidet i planperioden gjennom å verte prioritert i planstrategien. ([Lenke til nettstaden](#))

### **Drøfting og merknader til innspela:**

Det viktigaste målet med ein planstrategi er å sette lys på ulike utfordringar, og så seie kva planar ein vil prioritere for å løyse desse.

Innspela støttar opp under kommunen sitt behov for planstrategi for perioden og utfordrar kommunen til å planlegge både tverretatleg og regionalt. I avsnittet «Planbehov for Selje kommune» i strategidokumentet er drøfta kommunen sin plankapasitet ut frå dei erfaringane ein har frå siste planperiode. Kommune- og regionreforma har framleis mange uavklarte spørsmål i seg, og det vil vere sløsing med ressursar å setje i gang planarbeid der strukturendringar vil gjere planane uaktuelle. Kommunestyret opna i sak KS-023/16 for «å sondere ulike alternativ for ei framtidig samanslått kommune.»

#### Innspel 1:

Innspellet vert teke til følgje og Trafikktryggleiksplanen vert flytta til 2017

#### Innspel 2:

Innspel vert teke med i Trafikktryggleiksplan og Strategiplan for Helse og omsorg

Innspel 3:

Innspel vert teke med i Arealplan og Næringsplan

Innspel 4:

Syner til Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt – Tiltak og innsending av oppdaterte dokument dat. 22.10.2015

Kommunen sine strategiar knytt til samfunnsutvikling og langsiktig arealbruk vil vere ein del av Arealplanen (under arbeid).

Kommunen vil konkretisere sine mål for folkehelsearbeidet i Strategiplan for Helse og omsorg

Innspel 5:

Nye punkt «Bu- og arbeidsmarknad» og «Nordfjordsamarbeidet» er teke med i strategidokumentet. Planprogram for «Strategiplan for kysten» ligg til høyring med frist. 15. september. Dette vil vere eit strategisk viktig planarbeid sett på bakgrunn av ressursane som kysten representerer. Drøfta i eige punkt «Strategisk plan for kysten». Det er ennå ikkje klart kor ressurskrevjande eit slikt planarbeid vil vere, men det er grunn til å tru at eit slikt planarbeid vil utfordre kommunen både økonomisk og kapasitetsmessig. Planen er teke med under «Deltaking» under føresetnad at kommunen har kapasitet og økonomi til det.



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
009/16	Administrasjonsutvalet	01.09.2016
066/16	Formannskapet	01.09.2016
057/16	Kommunestyret	15.09.2016

### Lønspolitisk handlingsplan 2015-2017 - Selje kommune - Revisjon

#### Bakgrunn for saka:

Evaluering/revisjon av lønspolitisk plan i planperioden.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lønspolitisk plan vedteke for 2015-17 vert vidareført slik den ligg føre.

#### Vedtaks som innstilling frå Administrasjonsutvalet - 01.09.2016

Den lønspolitiske planen blir vedteken slik den ligg føre med følgjande endringar:

Kulepunkt nr. 2, side 5: «Den tilsette sin innsats og resultatoppnåing» vert stroke.

Side 5: «Lokale forhandlingar er eit viktig personalpolitisk verkemiddel for å fremje og løne særleg god innsats» vert stroke.

#### Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 01.09.2016

Lønspolitisk plan vedteke for 2015-17 vert vidareført slik den ligg føre.

#### Vedlegg i saka:

07.09.2016	Uttale - revidering av lønspolitisk plan	1325506
07.09.2016	Uttale til Lønspolitisk plan 2016.pdf	1325509
07.09.2016	Lønspolitisk handlingsplan - Selje kommune. Adm.sak 6.15	1325505
07.09.2016	Lønspolitisk plan 2015-17. Vedteke i ADM 07.10.15.pdf(94538)	1325510
07.09.2016	Uttale til revidering av Lønspolitisk plan	1325508

## **Administrasjonsutvalet 01.09.2016:**

### **Handsaming:**

Framlegg frå Arbeidstakarorganisasjonane:, foreslått av ,  
Den lønspolitiske planen blir vedteken slik den ligg føre med følgjande endringar:  
Kulepunkt nr. 2, side 5: «Den tilsette sin innsats og resultatoppnåing» vert stroke.  
Side 5: «Lokale forhandlingar er eit viktig personalpolitisk verkemiddel for å fremje og løne særleg god innsats» vert stroke.

10 voterande

### **Røysting:**

Administrasjonen si tilråding fekk 5 røyster for og 5 mot.  
Framlegg frå Arb.takarorg. fekk 5 røyster for og 5 mot.

Leiar brukte si dobbelrøyst som ga følgjande resultat:  
Administrasjonen si tilråding fekk 5 røyster for og 6 mot.  
Framlegg frå Arb.takarorg. fekk 6 røyster for og 5 mot.

### **ADM- 009/16 Vedtak:**

Den lønspolitiske planen blir vedteken slik den ligg føre med følgjande endringar:  
Kulepunkt nr. 2, side 5: «Den tilsette sin innsats og resultatoppnåing» vert stroke.  
Side 5: «Lokale forhandlingar er eit viktig personalpolitisk verkemiddel for å fremje og løne særleg god innsats» vert stroke.

## **Formannskapet 01.09.2016:**

### **Handsaming:**

7 voterande

### **Røysting:**

Administrasjonsutvalet sitt framlegg fekk 2 røyster for og 5 mot.  
Administrasjonen si tilråding fekk 5 røyster for og 2 mot.

### **FS- 066/16 Vedtak:**

Lønspolitisk plan vedteke for 2015-17 vert vidareført slik den ligg føre.

## Kommunestyret 15.09.2016:

### Handsaming:

Framlegg frå FRP, foreslått av Marita Aarvik, Framskrittspartiet  
Støtte til framlegget som vart vedteke i administrasjonsutvalet.

Vi bed om at organisasjonane og administrasjonen vert einige om tekst i avtalen i løpet av 1 år.  
Dersom dette ikkje skjer, vil rådmannen sitt framlegg bli tilrådd då.

17 voterande

### Votering:

Framlegg frå Marita Aarvik fekk 4 røyster for.

Framlegg frå Formannskapet fekk 13 røyster for.

### KS- 057/16 Vedtak:

Lønspolitisk plan vedteke for 2016-18 vert vidareført slik den ligg føre.

### Saksopplysningar:

Gjeldande plan vart vedteke i administrasjonsutvalet i 2015. Dette var/er ein relativt ny plan då Selje kommune ikkje har hatt ein slik plan dei seinare år. Ved handsaminga i fjor var organisasjonane også kritisk til nokre punkt i planen som omhandlar vurdering av innsats og resultat. Dei er spørjande til korleis «måle» resultat og korleis nytte desse punkta i lokale lønsforhandlingar.

Lønspolitisk plan er drøfta i fleire HTV møter med organisasjonane. Sist i HTV møte med rådmannen 30.05.16. Organisasjonane er i tilslutta attendemeldinga som ligg vedlagt frå Utdanningsforbundet.

Rådmannen og organisasjonane er usamd på dette punktet. I førre drøftingsrunde oppmoda rådmannen organisasjonane å vere med og utvikle ein metode for korleis vurdere innsats og resultat. Dette er grunnleggjande fordi det i HTA er framforhandla sentralt bestemmelsar som tilseier at prinsipp for lokal lønsfastsetjing er innsats og resultatoppnåing. Det vil vere spesielt om vi lokalt i Selje vel å sjå bort frå sentral tariffavtale. For leiarar i kap 3 er dette omtala slik i

HTA 3.4.2 (hjå oss tenesteleiarar)

*Grunnlag for forhandlingar er blant anna eit eller fleire av fylgjande kriterier;*

- *Endra ansvarsområde*
- *Oppnådde resultat i høve verksemda sine mål*
- *Utøving av leiarskap*
- *Betydelege organisatoriske endringar*
- *Behov for å behalde kvalifisert arbeidskraft*

Rådmannen har meldt tilbake at planen må vurderast som ein heilskap. Setninga som omtalar innsats og resultat må sjåast i samanheng med kriterie 5 i planen. Objektive indikatorar som medarbeidarkartlegging, reknskapsmessige tilhøve, brukarundersøkingar osv kan gje oss ein peikepinn men vil aldri vere fullstendige då påverkningsfaktorar på desse indikatorane kan vere i mindre grad muleg å styre av den einskilde leiar.

Kva som er særleg god innsats vil då vere tema under sjølve forhandlingane. Det er sjeldan einskilde

tilsette har sterke sider på alle område omtala i kriterie 5. Ein kan vere god på å halde vedtekne rammes.. og dårlegare på å skape engasjement, lagånd og medansvar osv som eksempel. Ein kan vere ein pådrivar og motivert for å ta utdanning kommunen treng, men dårlegare på å bruke tilegna kunnskap på ein god måte. Hensikt med lokale forhandlingar er å differensiere og lokalt tilpasse lønsutvikling hjå dei einskilde i kap 3 og 5. Kriterie 5 er vanskeleg å knytte til objektive standarder for «målingar» og må då vurderast og sakleg grunngevast i sjølve forhandlingane.

Organisasjonane ynskjer også stillingsinstruksar. Rådmannen ser ikkje at dette er ynskjeleg. Det er få kommunar som har instruksar og dei fleste tilsette kjenner arbeidsoppgåvene sine. Usikkerheit må handterast i dialog med den einskilde. Tema som er omtala i kriterium 5 i planen er gjenstand for diskusjonar i samband med leiaravtalar og oppfølging av desse.

Utdanningsforbundet ynskjer også å kunne opprette funksjonar med funksjonstillegg. På dette punktet har kommunane dei seinare år i samarbeid med KS hatt ein strategi på å redusere funksjonar med eigne tillegg. Spesielle oppgåver tildelt einskildtilsette skal då forhandlast etter kriteria i planen.

Lover/regelverk  
HTA

Konklusjon

Sakshandsamar ser ikkje behov for å endre planen i denne revisjonen. Det er ved sentral avtale fastsett at det ikkje skal gjennomførast lokale forhandlingar for kap 4 – gruppene hausten 2016. Handlingsplanen vert å nytte i forhandlingane i kap 3 og 5.

Saksgang

Det er avklara med KS at det er arbeidsgjevarorgan som endeleg vedtek arbeidsgjevarpolitikken og styringsdokument tilknytta denne etter handsaming i partsamansett utval. Saka vert fremja for formannskap og kommunestyre i september.

#### **Handsaming i Administrasjonsutvalet - 09.06.2016**

9 voterande

#### **Framlegg frå Administrasjonsutvalet:**

Saka vert utsett til neste møte i Administrasjonsutvalet – 01.09.16.

#### **Røysting:**

Framlegg frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå Administrasjonsutvalet fekk 9 røyster. Samrøystes.

#### **ADM-004/16 Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte i Administrasjonsutvalet – 01.09.16.

Samrøystes.



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
067/16	Formannskapet	01.09.2016
058/16	Kommunestyret	15.09.2016

### Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2016-2020 - Selje kommune - Rullering

**Bakgrunn for saka:**

Rullering av den rusmiddelpolitiske handlingsplanen for 2016 – 2020.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rusmiddelpolitisk handlingplan for Selje kommune 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.

**Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 01.09.2016**

Rusmiddelpolitisk handlingplan for Selje kommune 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.

**Vedlegg i saka:**

07.09.2016      Plan 2016 2020.pdf(110348)      1325554

**Formannskapet 01.09.2016:**

**Handsaming:**

7 voterande

**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for.

Samrøystes

**FS- 067/16 Vedtak:**

Rusmiddelpolitisk handlingplan for Selje kommune 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.

**Kommunestyret 15.09.2016:**

**Handsaming:**

17 voterande

**Votering:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for.

Samrøystes

**KS- 058/16 Vedtak:**

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Selje kommune 2016 – 2020 vert vedteken slik den ligg føre.

**Saksopplysningar:**

*Kommunen skal utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan (Alkohollova § 1-7d).*

Dette er ein rullering av førre plan som var fram til 2016. Arbeidet er gjort i samarbeid med politiet, NAV og psykiatritenesta. Det har vore eitt møte med bransjen om planen.

Det er semje om konklusjonane i tiltaksplanen.

Lover/regelverk

Alkohollova

Sakshandsamar si vurdering

Vedlegg til planen: Forskrift om opnings- og skjenketider mm for Selje kommune må handsamast som eiga sak og kunngjerast på lovdata for å sikre den som rettsdokument.

Saksgang

Formannskapet tilrår til kommunestyret





## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
068/16	Formannskapet	01.09.2016
059/16	Kommunestyret	15.09.2016

### Opnings- og skjenketider for serveringsstadar / Salstider butikkar - Forskrift

#### Bakgrunn for saka:

Endring av forskrift om sals- og skjenketider for alkohol i foretningar og serveringstadar i Selje kommune.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ny forskrift om opnings- og skjenketider for serveringsstadar og salstid for alkohol mm i Selje kommune vert vedteken slik den ligg føre.

#### Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 01.09.2016

Ny forskrift om opnings- og skjenketider for serveringsstadar og salstid for alkohol mm i Selje kommune vert vedteken slik den ligg føre.

#### Vedlegg i saka:

07.09.2016	Sals- og skjenketider for alkohol i forretningar og serveringsstadar - Endring av forskrift(110549)	1325555
07.09.2016	Forskrift om opnings- og skjenketider gml.pdf(102810)	1325556
07.09.2016	Ny Forskrift om opnings.pdf(110350)	1325557

#### Formannskapet 01.09.2016:

#### Handsaming:

Framlegg frå KRF:, foreslått av Stein Robert Osdal, Kristeleg folkeparti

Endring i forskrift - §2b, 2. setning:

Skjenking av alkohol i gruppe 3 (brennevin) kan skje mellom klokka 13.00 og 01.00.

**Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 5 røyster for og 2 mot.

Framlegg frå KRF fekk 2 røyster for og 5 røyster mot.

**FS- 068/16 Vedtak:**

Ny forskrift om opnings- og skjenketider for serveringsstadar og salstid for alkohol mm i Selje kommune vert vedteken slik den ligg føre.

**Kommunestyret 15.09.2016:****Handsaming:**

Framlegg, foreslått av Anne Lise Drage, Framskrittspartiet

Framlegg om null servering / salg av alkohol i Selje kommune.

Framlegg frå KRF, foreslått av Raymond Myren, Kristeleg folkeparti

Endring Forskrift § 2b - 2. setning:

Skjenking av alkohol i gruppe 3 (Brennevin) kan skje mellom kl. 13.00 og 01.00.

17 voterande

**Votering 1:**

Framlegg frå Anne Lise Drage fekk 1 røyst for og 16 røyster mot.

**Votering 2:**

Framlegg frå KRF fekk 5 røyster for.

Framlegg frå Formannskapet fekk 11 røyster for.

1 røyst var blank.

**KS- 059/16 Vedtak:**

Ny forskrift om opnings- og skjenketider for serveringsstadar og salstid for alkohol mm i Selje kommune vert vedteken slik den ligg føre.

**Saksopplysningar:**

Endringane kjem på bakgrunn av endring i alkohollova og forskrift til denne, sist pr 01.01-2016

Saka var utsett på møtet den 9.06.2016 med slikt vedtak:

*Sals- og skjenketider for alkohol i forretningar og serveringsstadar må fylgje av ruspolitisk handlingsplan.*

*Vurdering av endra forskrift må handsamast som konsekvens av evt. endringar i ruspolitisk handlingsplan*

Forskrifta har vore på høyring med frist 19.06.2016.

Trygg24 melde inn at for kontrolldelen burde det gå tydelegare fram bedriftene sitt ansvar for internkontroll.

Dette er innarbeidd i framlegget § 5

Til dei andre endringane i forskrifta:

<p>Gml. forskrift: § 2b, 2.setn: Det kan skjenkast brennevin mellom klokka 1300 og klokka 0100.</p> <p>Grunngjeving: Felles stengetidspunkt for all alkoholservering</p>	<p>Framlegg til ny forskrift § 2b, 2.setn: Skjenking av alkohol i gruppe 3 (brennevin) kan skje mellom klokka 1300 og klokka 0200.</p>
<p>§ 3: Salstid i butikkane: Kvardagar 0900 - 2000 Laurdagar 0900 – 1800 Påske-, pinse-, jul-, og nyttårsaftan, 0900-1600</p> <p>Grunngjeving: Samordning med opningstidene elles i butikkane og samordning med skjenketidene.</p> <p>§ 3, siste setning: Det er ikkje lov å selje eller levere ut alkoholhaldig drikk etter klokka 1800 på dagar før 1. mai, 17. mai, røystedagar for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavrøysting vedteke med lov.</p> <p>Grunngjeving: Ny § 3-7 i Alkohollova (referert ovanfor). Kan takast i bruk ved vedtak om lokal forskrift</p> <p>§ 4 siste setn: Skjenketidene føl tider for serveringsstadar.</p> <p>Grunngjeving: Forenkling, skjenketider er omhandla i §2. Skjenketidene i §2 vil difor gjelde alle løyve som er gitt av kommunen.</p> <p>§ 6 Sanksjonar Lokalt regelverk</p>	<p>§ 3: Salstid i butikkane: Kvardagar 0800 - 2000 Laurdagar 0800 – 1800 Påske-, pinse-, jul-, og nyttårsaftan, 0800-1600</p> <p>§ 3, siste setning: Det er stengt for alkoholsal alle helgedagar.</p> <p>§ 4 siste setn: Setninga går ut</p> <p>§ 6 Sanksjonar Brot på reglane i denne forskrifta vert handsama i samsvar med retningslinjene i § 10-1 til §10-6 i Forskrift til Alkohollova.</p>
<p>Sentral forskrift er juridisk overordna lokal forskrift. Det lokale regelverket vert erstatta med sentralt system med prikkbelastning som er likt for landet.</p>	

Lover/regelverk

Alkohollov  
Forskrift til alkohollov  
Forvaltningslov

Sakshandsamar si vurdering  
enne saka bør handsamast som forskrift for å sikre at regelverket er eit rettsdokument

Saksgang  
Endring av forskrift skal handsamast etter Kapittel VII i Forvaltningslov. Formannskapet tilrår.  
Kommunestyret gjer vedtak. Den gjeld etter at den er kunngjort på Lovdata. Framlegget har vore på høyring



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
069/16	Formannskapet	01.09.2016
060/16	Kommunestyret	15.09.2016

### Skjenkekontroll - Frimannsbuda

#### Bakgrunn for saka:

Administrasjonen har no i sommar hatt tett oppfølging med kontrollar på skjenkestadene i Selje. Spesielt gjeld dette Frimannsbua og Åhjemsbuda som konkurrerer tett om kundane på helg. Vi har i sommar hatt kontroll med kontrollørar frå Trygg 24 den 3. juli og 6/7 august. I tillegg har politiet hatt eit særskilt oppdrag med å fylgje opp skjenkestadene. Det er avdekt brot på reglane på begge skjenkestadene. Det gjeld skjenketid og skjenkestanden sin kontroll på område det er tildelt skjenkeløyve. Frå politiet er det kommentert tilfelle av det same dvs kundar som tek med seg alkoholhaldig drikk ut av skjenkestanden.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skjenkestanden Frimannsbua ved løyvehavar Aydin Akcay ved vert tildelt 9 prikkar for brot på skjenketidene og ved at gjester tek alkohol med seg ut av skjenkelokalet. Det vert her vist til kontrollrapportar for gjennomført skjenkekontroll. Prikkane står ved lag i to år frå kontroll. 5 prikkar frå 03.07.16 og 4 prikkar frå 06.08.16. Tildeling av prikkar fylgjer av alkoholforskrifta § 10-3

#### Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 01.09.2016

Skjenkestanden Frimannsbua ved løyvehavar Aydin Akcay ved vert tildelt 9 prikkar for brot på skjenketidene og ved at gjester tek alkohol med seg ut av skjenkelokalet. Det vert her vist til kontrollrapportar for gjennomført skjenkekontroll. Prikkane står ved lag i to år frå kontroll. 5 prikkar frå 03.07.16 og 4 prikkar frå 06.08.16. Tildeling av prikkar fylgjer av alkoholforskrifta § 10-3

#### Vedlegg i saka:

07.09.2016	Skjenkekontroll 03.07.16 - Frimannsbuda(110404)	1325560
07.09.2016	Tilleggsrapport - Kontroll 03.07.16(109232)	1325558
07.09.2016	Skjenkekontroll 06.08.16 - Frimannsbuda(110132)	1325559
07.09.2016	Tilleggsrapport - Kontroll 06.08.16.docx(110491)	1325561

## **Formannskapet 01.09.2016:**

### **Handsaming:**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for.

Samrøystes

### **FS- 069/16 Vedtak:**

Skjenkestaden Frimannsbua ved løyveharar Aydin Akcay ved vert tildelt 9 prikkar for brot på skjenketidene og ved at gjester tek alkohol med seg ut av skjenkelokalet. Det vert her vist til kontrollrapportar for gjennomført skjenkekontroll. Prikkane står ved lag i to år frå kontroll. 5 prikkar frå 03.07.16 og 4 prikkar frå 06.08.16.

Tildeling av prikkar fylgjer av alkoholforskrifta § 10-3

## **Kommunestyret 15.09.2016:**

### **Handsaming:**

17 voterande

### **Votering:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for.

Samrøystes

### **KS- 060/16 Vedtak:**

Skjenkestaden Frimannsbua ved løyveharar Aydin Akcay ved vert tildelt 9 prikkar for brot på skjenketidene og ved at gjester tek alkohol med seg ut av skjenkelokalet. Det vert her vist til kontrollrapportar for gjennomført skjenkekontroll. Prikkane står ved lag i to år frå kontroll. 5 prikkar frå 03.07.16 og 4 prikkar frå 06.08.16.

Tildeling av prikkar fylgjer av alkoholforskrifta § 10-3.

### **Saksopplysningar:**

Lover/regelverk

Ny alkoholforskrift er svært presis i utmåling av reaksjonar ved brot på skjenkebestemmelsane. Skjenkestadene vert tildelt «prikkar» utmålt etter alvorgrad ved brot på reglane. Skjenkestyrar får ved avslutta kontroll innsikt i evt funn og skriv under på rapportane. I etterkant vert dei tilsendt førehandsvarsel (§ 10-5) der ansvarlege får høve til å kommentere rapportane. Kommunen har ikkje motteke kommentarar eller merknader frå skjenkestadene.

Sakshandsamar si vurdering

Kommunen kan etter § 10-4 i forskrifta tildele færre eller fleire prikkar dersom det er spesielt alvorlege, skjerpande eller færre ved formidlande omstende. Sakshandsamar vurderer det ikkje slik i dette tilfellet. Brota er avdekt kort tid etter skjenketid og gjeld avgrensa mengd personar. At kundar tek med seg alkohol ut av lokalet er også einskildtilfelle. Begge skjenkestadene og skjenkestyrarane er gjort godt kjend med retningslinjene.

Det har elles undervegs versert mykje rykter kring skjenking ved begge pubane. Kommunen har ikkje funne, ved nærast fortløpande kontroll, at dette stemmer med verkelegheita.

Sakshandsamar vurderer det slik at det ved Frimannsbua ikkje er tilhøve som skulle tilseie annan reaksjon enn det som framkjem av alkoholforskrifta. Det er ved Frimannsbua no ved to kontrollar avdekt brot på skjenketid og ved ein kontroll skjenking utanfor godkjend område. Etter forskrifta § 10-3 medfører det tilsaman 9 prikkar (4+4+1).

Vidare er det etter forskrifta tatt utgangspunkt i at 12 prikkar over ein toårsperiode vil medføre inndraging av skjenkeløyve for ei veke.

Ansvarleg for Frimannsbua har opplyst at skjenking og drift her er sesongbasert. Evt inndraging av løyve vil då vere aktuelt i sesong.

#### Konklusjon

Skjenkestaden ved løyvehavar vert tildelt 9 prikkar for brot på skjenketidene og ved at gjester tek alkohol med seg ut av skjenkelokalet. Prikkane står ved lag i to år frå kontroll. 5 prikkar frå 03.07.16 og 4 prikkar frå 06.08.16.

#### Saksgang

Saka vert endeleg vedteke i kommunestyret.

Endeleg vedtak kan påklagast til fylkesmannen. Jfr. Fvl kap. VI



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/16	Formannskapet	01.09.2016
061/16	Kommunestyret	15.09.2016

### Skjenkekontroll - Åhjemsbuda

#### Bakgrunn for saka:

Administrasjonen har no i sommar hatt tett oppfølging med kontrollar på skjenkestadene i Selje. Spesielt gjeld dette Frimannsbua og Åhjemsbuda som konkurrerer tett om kundane på helg. Vi har i sommar hatt kontroll med kontrollørar frå Trygg 24 den 3. juli og 6/7 august. I tillegg har politiet hatt eit særskilt oppdrag med å fylgje opp skjenkestadene.

Det er avdekt brot på reglane på begge skjenkestadene. Det gjeld skjenketid og skjenkestaden sin kontroll på område det er tildelt skjenkeløyve.

Frå politiet er det kommentert tilfelle av det same dvs kundar som tek med seg alkoholhaldig drikk ut av skjenkestaden.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Skjenkestaden Åhjemsbuda ved løyvehavar Ståle Åhjem vert tildelt 4 prikkar for brot på skjenketidene. Det vert her vist til kontrollrapportar for gjennomført skjenkekontroll. Prikkane står ved lag i to år frå kontroll 06.08.16. Tildeling av prikkar fylgjer av alkoholforskrifta § 10-3.

#### Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 01.09.2016

Skjenkestaden Åhjemsbuda ved løyvehavar Ståle Åhjem vert tildelt 4 prikkar for brot på skjenketidene. Det vert her vist til kontrollrapportar for gjennomført skjenkekontroll. Prikkane står ved lag i to år frå kontroll 06.08.16. Tildeling av prikkar fylgjer av alkoholforskrifta § 10-3.

#### Vedlegg i saka:

07.09.2016	Skjenkekontroll 03.07.16 - Åhjemsbuda(110409)	1325563
07.09.2016	Skjenkekontroll 06.08.16 - Åhjemsbuda(110133)	1325562
07.09.2016	Tilleggsrapport - Kontroll 06.08.16.docx(110552)	1325566
07.09.2016	Uttale til skjenkekontroll 07.08.16(110421)	1325564
07.09.2016	Vedlegg - bilde glas(110422)	1325565



## **Formannskapet 01.09.2016:**

### **Handsaming:**

7 voterande

### **Røysting:**

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for.

Samrøystes

### **FS- 070/16 Vedtak:**

Skjenkestaden Åhjemsbuda ved løyvehavar Ståle Åhjem vert tildelt 4 prikkar for brot på skjenketidene. Det vert her vist til kontrollrapportar for gjennomført skjenkekontroll.

Prikkane står ved lag i to år frå kontroll 06.08.16.

Tildeling av prikkar fylgjer av alkoholforskrifta § 10-3.

## **Kommunestyret 15.09.2016:**

### **Handsaming:**

17 voterande

### **Votering:**

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for.

Samrøystes

### **KS- 061/16 Vedtak:**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Skjenkestaden Åhjemsbuda ved løyvehavar Ståle Åhjem vert tildelt 4 prikkar for brot på skjenketidene. Det vert her vist til kontrollrapportar for gjennomført skjenkekontroll.

Prikkane står ved lag i to år frå kontroll 06.08.16.

Tildeling av prikkar fylgjer av alkoholforskrifta § 10-3.

### **Saksopplysningar:**

Lover/regelverk

Ny alkoholforskrift er svært presis i utmåling av reaksjonar ved brot på skjenkebestemmelsane.

Skjenkestadene vert tildelt «prikkar» utmålt etter alvorsgrad ved brot på reglane. Skjenkestyrar får ved avslutta kontroll innsikt i evt funn og skriv under på rapportane. I etterkant vert dei tilsendt førehandsvarsel (§ 10-5) der ansvarlege får høve til å kommentere rapportane. Kommunen har ikkje motteke kommentarar eller merknader frå skjenkestadene.

Sakshandsamar si vurdering

Kommunen kan etter § 10-4 i forskrifta tildele færre eller fleire prikkar dersom det er spesielt alvorlege, skjerpande eller færre ved formidlande omstende. Sakshandsamar vurderer det ikkje slik i dette tilfellet. Brota er avdekt kort tid etter skjenketid og gjeld avgrensa mengd personar. At kundar tek med seg alkohol ut av lokalet er også einskildtilfelle. Begge skjenkestadene og skjenkestyrarane er gjort godt kjendt med retningslinjene.

Det har elles undervegs versert mykje rykter kring skjenking ved begge pubane. Kommunen har ikkje funne, ved nærast fortløpande kontroll, at dette stemmer med verkelegheita.

Sakshandsamar vurderer det slik at det ved Åhjemsbuda ikkje er tilhøve som skulle tilseie annan reaksjon enn det som framkjem av alkoholforskrifta. Det er slik det framgår av kontrollrapporten avdekt brot på skjenketidene. Etter forskrifta § 10-3 medfører det tildeling av 4 prikkar. Vidare er det etter forskrifta tatt utgangspunkt i at oppsamling til 12 prikkar over ein toårsperiode vil medføre inndraging av skjenkeløyve for ei veke.

#### Konklusjon

Skjenkestaden ved løyvehavar vert tildelt 4 prikkar for brot på skjenketidene. Prikkane står ved lag i to år frå kontroll 06.08.16.

#### Saksgang

Saka vert endeleg vedteke i kommunestyret.

Endeleg vedtak kan påklagast til fylkesmannen.